

Referat styremøte Hordaland Sau og Geit

Stad Nortura Eidsvåg, onsdag 16. september.

Desse møtte: Nils Inge Hitland Reidar Kallestad, Knut Synnestvedt, Kjetil Rødland og Olav H Bringedal. Arnt Bakke hadde meldt forfall

- Sak 46/15 Godkjenning av innkalling
Vedtak: Godkjent med tilføyning "Alle utval i HSG skal kallast inn til styremøte." Dette blei ikkje gjennomført til dette møte.
Det skal utarbeidast ein møteplan for HSG
- Sak 47/15 Godkjenning av referat frå 04.06.15.
Vedlegg.- Referat frå styremøtet 04.06.15.
Vedtak: Godkjent
- Sak 48/15 Orientering saker
- **Saueprojektet Ny Giv. Reidar Kallestad**
Reidar orienterte for det arbeidet som er gjennomført. Fjelldagen på Hardangervidda var ei suksess med 62 frammmøtte. Styret skal vurdere om "fjelldag" skal bli eit tiltak kvar sommar. Fagdag bygg skal gjennomførast 24. oktober i Etne. Planlegginga er i full gang og ei legg opp til 3 – 4 gardsbesøk. Etne Kommune og Invasjon Norge blir inviterte til og delta.
Avslag på RUL midlar. Ny Giv har nå ca. kr. 88.000.- på konto. HSG søker om RUL midlar for 2016 på kr. 150.000.-.
 - **Kåring 2015. Karluf Håkull**
Karluf gjekk gjennom oppsette for kåring 2015. Oppsett av kåring rundt om i Hordaland må ut på Heimesida. Nytt for 2015 er at ein må betala for alle frammmøtte lam. O IND. for og kunna bli kåra er 115 for NKS og 110 for Kvit Spæl og Sjeviot
- Sak 49/15 Leiarmøtet 16-17. oktober
Vedtak: Leiarmøte 2015 er lagt til Norheimsund, Thon Hotel Sandvin 16. – 17. oktober. Meir informasjon blir lagt ut på heimesida. Styret arbeider med program for samlinga der tema blir næringa sin samarbeidspartnar Turistnæringa. Stikkord her er – gjengroing. I tillegg prøver HSH og få ein person frå Norges Bondelag til og halda

innlegg om arbeid i lokallag, valkomité og møteleiing. Ove Holmås frå NSG og Silje Anette Lyhammer frå Fylkesmannen bli invitert.

- Sak 50/15 Fagtur m/julebord 19-20. desember
Vedtak: Styret arbeider med program og rute for buss. Det blir lagt opp til felles lunsj i Eidfjord. Påmelding og program blir kunngjort på heimesida.
- Sak 51/15 Agro Hordaland 6-7. november
Vedtak: Reidar har arbeida med program. Dette året vil HSG fokusera på utmarka.
- Gjerdelova
 - Behandling før slipp på umarksbeite
 - FindMySheep
- Reidar har kontakten her. Program og påmelding kommer på heimesida.
- Sak 52/15 Forslag til Agro Hordalands heiderspris
Vedtak: Det blir delt ut pris til person/personar lag eller foreiningar som har utmerka seg på ein spesiell måte for landbruket i Hordaland. Styret arbeider vidare med denne saka fram til frist for innsending av forslag 10. oktober.
- Sak 53/15 Ymse
- Det er komet opp spørsmål om historia til HSG. Kven har vert tillitsvalde i HSG sin historie. Det er lagra protokoller Hos Nortura i Eidsvåg. Nils Inge og Karluf undersøker dette.
Blir eiga sak på neste styremøte
 - Fagtur til Nord Norge, Troms Fylke. Styret arbeider med fagtur til Troms sommaren 2016.
Sak neste styremøte
- Årsmøte 2016 blir 26. – 27. februar 2016 og lagt til området rundt Flesland. Karluf hentar inn prisar.
Sak neste styremøte.
- Møteplan:**
- Leiarmøte 16. – 17. okt. 2015
 - Styremøte 22. okt. 2015
 - Julebord 19. – 20. desember 2015
 - Styremøte veke 2/2016
 - Styremøte 26. feb. 2016
 - Årsmøte 26. – 27. feb. 2016

Ref.
Karluf Håkull